

VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Sak/dok.:

06/01641-299

Ark.:

326.12

Dato:

31.01.2023

Vedtak i namnesak 2020/299 - Rue og Talleivsdalsnuten i Vinje kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av fylgjande stadnamn i Vinje kommune:

- **Rue** (bruk 50/2)
- **Talleivsdalen** (dal)
- **Talleivsdalsnuten** (ås)

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Bakgrunn

Namnesaka blei teken opp av Kartverket, etter ynske frå Språkrådet, i samband med adressering. Namna er tenkt brukte som ledd i adressenamn. Namnesaka blei reist for å fastsetje rett skrivemåte for offentleg bruk.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen at ein skal taka utgangspunkt i den nedervde lokale uttala av namnet. Skrivemåten skal fylgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i loven. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skugge for meiningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd.

I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skriftradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal au spela inn. Det skal leggjast særleg vekt på ynsket til eigaren når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ynskjer, ligg innanfor regelverket.

Høyring og tilråding

Kartverket sendte saka til høyring og kunngjering i Vinje kommune i brev datert 17.07.2020, i tråd med § 8 i loven. I brev datert 03.05.2022 har kommunen meldt ifrå til Språkrådet at det ikkje har kome inn nokre lokale høyringssvar.

Språkrådet har gjeve si tilråding i brev datert 11.05.2022 (vedlagt).

Om stadnamnet Rue

Skriftlege kjelder

Gnr./bnr. 50/2 i Vinje kommune har skrivemåten *Plass Ruet* i dagens matrikkel. I SSR har dette bruket skrivemåten *Rue*.

Rektangelmåling (1850) og Økonomisk kart (1968) har skrivemåten *Rue*. Det er au ein ås like ved som har skrivemåten *Rusnuten* både i SSR og Økonomisk kart (1968).

Matrikkelen av 1886 og 1905 har skrivemåten *Ruet*, mens matrikkelutkastet av 1950 har *Plads Ruet*.

Gamle plassar og stoger i grend og utmark (2005, s. 204) har utelukkande *Rue*. *Vinje og Rauland* bd. 2 (2015) har *Rue* (s. 521) og *Kostveit-Rue* (s. 308). Bustadnamnregisteret (1956) har skrivemåten *Rue* og *Rui* og uttala *rū'e*.

Ordet i stadnamnet *Rue* blir skrive ulikt rundt om i kommunen, og i SSR finn ein flest førekomstar av skrivemåten *rud*, men au skrivemåtane *rui* og *rue*, samt *rus-* i samansetningar. Skrivemåten med *d* ser altså berre ut til å finnast i usamansette namn der ordet står i ubestemd form. Det er ikkje registrert skrivemåtar med *-t* i SSR.

Språkrådets tilråding

Språkrådet har ført opp matrikkelformene frå 1905, 1950 og i dag, samt opplysningane frå bustadnamnregisteret. Dei har au vore i kontakt med Jon Kostveit frå Vinje historielag, og han oppgjev uttala /ru:'e/. Vidare skriv Språkrådet at opphavet til namnet er gno. *ruð*, 'rud', rudd plass, rydning, nærare bestemd forma *ruðit*, og at namnet er godt representert i Telemark. Språkrådet har grunn til å tru at ordet er lite kjent som appellativ, og tilrår å ikkje vedtaka skrivemåtane *Rudet* eller *Ruet*, sidan desse skrivemåtane dermed kan påverke uttala. I Vinje kommune finst au ordet med endinga *-i*, som i Vinjerui, men Språkrådet skriv at denne skrivemåten berre delvis og noko tilfeldig avspeglar den historiske forma og heller ikkje samsvarar med dagens uttale. Språkrådet tilrår skrivemåten *Rue*.

Informantar

Kartverket har vore i kontakt med heimelshavar til 50/2 Sigmar Dyrdal over telefon. Han kjende mest til skrivemåten *Rue*, men var ikkje framand med *Rui* heller. Han uttala namnet *rue* og hadde kjennskap til uttala *rui*, men meinte fyrstnemnde er det mest rette.

Me snakka au på telefon med Halvor Kostveit, som bur i området. Han oppgav skrivemåten *Rui* og uttala *rui*.

Til slutt hadde me kontakt med Jon Kostveit over telefon. Han oppgav skrivemåten *Rue* og uttala *rue*, men fortalde at uttala *rui* blei bruka av somme.

Kartverkets vurdering

Skrivemåten *Rue* verkar å vera den mest brukte, både i nye og gamle kjelder. Uttala er anten med *-e* eller *-i*, men berre fyrstnemnde samsvarar med skrifttradisjonen. Skrivemåtar/uttaler med *d* eller *t* er framande. Kartverket vedtek skrivemåten *Rue* om bruk 50/2 i samsvar med skrifttradisjonen, den nedervde lokale uttala og Språkrådets tilråding.

Om stadnamna Talleivsdalen/Talleivsdalsnuten

Skriftlege kjelder

I SSR er *Taddeivsdalsnuten* registrert om åsen namnesaka gjeld. Økonomisk kart (1968) har au denne skrivemåten.

Bustadnamnregisteret (1956) har skrivemåten *Talleifsdalen* og uttala *tad`ddeivsdāl'n* om ein husmannsplass under Kostveit sørre. Heradsregisteret (1960) har skrivemåten *Taddeivsdalen* og uttala *ta`ddeivsdalen*, samt skrivemåten *Torleivsdalnuten* og uttala *ta`ddeivsdalnuten*.

Vinje og Rauland bd. 4 (1975) har *Talleivsdalen* (s. 106) om ein plass under Sudigard Kostveit. *Gamle plassar og stoger i grend og utmark* (2005, s. 207) har utelukkande *Talleivsdalen*.

Språkrådets tilråding

Språkrådet listar opp opplysningane frå bustadnamnregisteret og heradsregisteret, samt at Jon Kostveit oppgjev uttala */tal`leifsdalen/*. Kostveit har au fortald at *Talleivsdalen* var namn på ein gamal husmannsplass, og endå blir bruka om Sundbø (50/11). Han kjente ikkje til uttalevarianten */ta`ddeivsdalen/*.

Vidare skriv Språkrådet at fyrsteleddet i namnet stammar frå mannsnamnet Torleiv og at det er overgangen */rl/ > /ll/ > /dd/* som har ført til forma *Taddeiv*. Denne overgangen er heilt vanleg i *Vinje*, men ikkje alltid representert i skrivemåten av stadnamn. Ifylgje SSB er det berre Talleiv som er registrert som personnamn i dag, ikkje Talleif, Taddeif eller Taddeiv. Språkrådet hevdar at overgangen til */dd/* er lite bruka i det lokale talemålet i dag, samt at dialektvariantar av personnamn har blitt «utfordra» av etablerte skrivemåtar av dei same namna. Til slutt påpeikar dei at ein skrivemåte som *Talleifs-* ville representert uttala meir nøyaktig, men at *v* før binde-*s* uansett blir uttala som ein *f*.

Om *Talleivsdalsnuten* fører Språkrådet opp opplysningane frå heradsregisteret og at Jon Kostveit oppgav uttala */-dalnuten/* utan binde-*s*. Vidare skriv dei at dei hadde venta binde-*s* mellom alle ledda, sidan dette er det vanlegaste i norske samansetjingar.

Informantar

Kartverket har hatt telefonsamtalar med dei same informantane som over angående dette namnet au. Sigmar Dyrdal uttala dalen som *talleifsdal'n* og åsen som *talleifsdalsnut'n*, og han kjende til uttala med *dd* for *ll*, men sa at dette var ei eldre uttale. Han ville ha skrive namna *Talleivsdalen* og *Talleivsdalsnuten*.

Halvor Kostveit uttala namna likt som Dyrdal, men fortalde au at uttaleformer med *dd* for *ll* blir bruka av somme. Kostveit bur på Sundbø (50/11), som i SSR har skrivemåten *Sudbø*, men fortalde at dette bruket au blir kalla *Talleivsdalen*.

Jon Kostveit uttala namna likt som dei hine to, og fortalde au at uttaleformer med *dd* for *ll* er i bruk. Han visste au om *Talleivsdalen* som namn på bruk 50/11.

Kartverkets vurdering

Både skrivemåten *Talleivsdalen* og *Taddeivsdalen* er dokumenterte, men sistnemnde verkar å ha vore meir utbreidd tidlegare. Dei to uttalene, *talleifsdal'n* og *taddeifsdal'n*, verkar å vera levande bae to, men det ser ut til at fyrstnemnde blir mest bruka. Kartverket er einige i Språkrådets merknadar om *v* i fyrsteleddet, og sidan alle informantane oppgav binde-*s* mellom alle ledda i *Talleivsdalsnuten* då me snakka med dei, verkar ein slik skrivemåte naturleg. Kartverket vedtek skrivemåten *Talleivsdalen* (dal) og *Talleivsdalsnuten* (ås) i samsvar med skrifttradisjonen, den lokale nedervde uttala og Språkrådets tilråding. Sidan gnr./bnr. 50/11 au blir kalla *Talleivsdalen*, vil dette namnet au bli registrert om dette bruket i SSR.

Etter å ha vore i kontakt med informantane, har det kome fram at skrivemåten *Sudbø* om bruk 50/11 i SSR truleg er feilaktig, og at *Sundbø*, som samsvarar med dagens matrikkelform, er korrekt. Informantane har uttala *sonnbø*. Kartverket vil difor korrigere dette namnet i SSR til skrivemåten *Sundbø* frå matrikkelen.

Kunngjering

Kommunen skal syte for at vedtaket blir gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i loven, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Kommunen bes au om å informere innbyggjarane i kommunen, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine.

Når vedtaket gjeld skrivemåten av bruksnamn, skal kommunen sende melding om vedtaket direkte til eigarane av bruket.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Me vil minne om reglane i stadnamnloven om plikt til å bruke vedtekne skrivemåtar, jf. § 11, særskilt fyrste setning, som har denne ordlyden: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgje vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket blir ståande utan at det blir påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet blir nytta. Statkraft bør difor au bruke vedteken skrivemåte *Rue* i namnet til bruksnummer 50/6, no skrive som *Rui Tokerettigheter*.

Når det er gjort vedtak om adressenamn og adressetilleggsnamn, skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR bli oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Kartverket fører den vedtekne skrivemåten av bruksnamn i SSR, og skrivemåten blir henta inn i matrikkelen derifrå.

Klage

Vedtaket om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å taka opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentlig kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket blir kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket blir oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Venleg helsing

Jan Arne Trollvik
fylkeskartsjef

Åsmund Christenson
saksbehandlar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)
 [Forskrift om stadnamn](#)
 [Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Kopi SPRÅKRÅDET
 STATKRAFT ENERGI AS

Vedlegg 1